



ROSENDAL TURNLAG
Postboks 30

5486 ROSENDAL

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Natalie Martins Sæberg	99331534	2020/2198-22		17.06.2021

Førebels svar - krav om skredvurdering

Kommunen mottok 16.06.2021 eit skriv der Rosendal Turnlag – Turgruppa ber om at krav til rasvurdering i rammeløyve vert fråfalle, eventuelt omgjort etter forvaltningslova § 35. I skrivet er det presisert at det ikkje er ein formell klage, men eit ønskje om ny vurdering av kommunens eige vedtak. Det vert vist til praksis i andre kommunar og at ein ikkje vurderar turvegen som eit tiltak som må følgje krav etter TEK17 § 7-3. Det vert vist til at § 7-3 omtalar at krava gjeld for byggverk og det ikkje er liknande praksis i andre kommunar.

Etter forvaltningslova § 35 kan kommunen gjere om eige vedtak utan klage etter nærmare bestemte vilkår. Kommunen ga rammeløyve med vilkår i saka 31.05.2021. Kommunen finn ikkje at det i skrivet kjem ny informasjon som gjev grunn til nærmare vurdering og omgjerung etter fvl. § 35. Kommunen har behandla søknad om tiltak etter gjeldande regelverk og på bakgrunn av dokumentasjon som ligg til grunn for søknaden.

I traseen for tiltaket er det faresone for ras, aktsemdsone for ras og faresone for flaum. Etter plan og bygningslova § 28-1 skal kommunen sjå til at byggegrunn er tilstrekkeleg sikker mot fare og vesentleg ulempe av natur og miljøforhold. Kvinnherad kommune har føresegner i arealdelen om dette, men krav til sikker byggegrunn og korleis dette må dokumenterast er heimla i teknisk forskrift og plan- og bygningsloven.

Dette er reglar som gjeld for hele landet. Om det er turstiar som ikkje få same dokumentasjonskrav i andre kommunar, så kan det vere fordi dette er mindre inngrep som vert vurdert som unntatt søknadsplikt eller at det er satt av til rett føremål og ikkje kjem i fareområde som her. Turveggar av denne storleiken er ofte del av reguleringsplan der fareutgreiing er gjort på eit overordna nivå, dette er noko som forenkler søknadsprosessen for tiltaka.

Kommunen er sjølvsagt positiv til slike gode engasjement for fellesskapet, men vil understreke at krava som vert stilt er heimla i lov og gjeld like mykje for private som for frivillige, uansett kor godt

føremålet med tiltaket er. Føremålet med krava er at fagkunnige skal vurdere den reelle faren og kome med konkrete sikringstiltak dersom det er naudsynt.

Klagefrist er måndag 21.06.2021. Det står at det ikkje er ein formell klage, men skrivet er utforma som ein klage. Kommunen ber difor om snarleg tilbakemelding på om dette skal behandlast som ein klage og presisering av kven som klagar. Om det er på vegne av tiltakshavar som *part* eller turgruppa med *rettsleg klageinteresse*.

Med helsing

Natalie Martins Sæberg
Avdelingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.